



FOLKEMUSIKK OG DANS

HARDING FOLK

HARDANGER SPELEMANNSLAG

Innkalling til årsmøte i Hardanger spelemannslag

Tid: Laurdag 17. mars 2012 , klokka 16

Stad: Granvin barne- og ungdomskule

Sakslista

- 1) Godkjenning av innkalling og sakslista
- 2) Val av ordstyrar og skrivar
- 3) Årsmelding for Hardanger spelemannslag 2011
- 4) Rekneskap for Hardanger spelemannslag 2011
- 5) Orientering om hardingfelesenter v/ prosjektleiar Tina Kjerland*
- 6) Orientering om arkivsatsing Hardanger folkemusikksamling v/ styrar Hardanger folkemuseum Agnete Sivertsen*
- 7) Innkomne saker
 - 7.1) Informasjon på papir til medlemmer v/ Arne Jordan
- 8) Fastsetjing av kontingent for 2013
- 9) Fastsetjing av arbeidsprogram for 2013
 - 9.1)løyving av pengar til samtidsdokumentasjonsprosjekt.
- 10) Val

Innkome saker må vera styret i hende innan 10. mars. Årsmelding og rekneskap vert ettersendt per e-post og lagt ut på heimesida.

For meir informasjon om årsmøtet eller kurset *Dans, spel, song- alt pao ein gong som* vert arrangert same helga, sjå hardingfolk.no!

* Sak 5: Hardanger spelemannslag er med i styringsgruppa for hardingfelesenteret. Her kan ein koma med innspel til kva utsendingen frå spelemannslaget skal ta opp i styringsgruppa, kva er viktig for spelemannslaget i ein slik samanheng?

* Sak 6: Hardanger folkemusikksamling vil gjerne ha innspel frå spelemannslaget i forhold til arbeidsplan for arkivsatsinga på museet.

SAK 9.1 Løyving av midlar til samtidsdokumentasjonsprosjekt

Søknader om støtte til samtidsdokumentasjonsprosjektet er sendt til eksterne partar, som Norsk kulturråd, og Rådet for folkemusikk og folkedans.

Årsmøtet i Hardanger spelemannslag må gjera vedtak på kor mykje laget kan bidra med eigefinansiering.

Styret gjer framlegg om å støtta prosjektet med 30.000.